



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling
Ogndalsveien 2

7713 STEINKJER

Dykkar ref

Vår ref
12/49-1 KON

Dato
3 FEB 2012

**Statsbudsjettet 2012 – Kap. 552, post 1 Kompetansesenteret for
distriktsutvikling, driftsutgifter - Tildelingsbrev**

I. MÅL OG RESULTAT FOR 2012

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet følgjer opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Innst. 16 S (2010–2011) og Prop. 1 S (2011–2012) for Kommunal- og regionaldepartementet. Tildelingsbrevet skal vise kva for satsingsområde og mål som blir gjeldande i 2012.

2. Disponible rammer og løyvingar

Tabell 1. Oversikt over midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda i 2012.

Kap.	Post	Namn	Sum i 1000 kr
554	01	Driftsutgifter	27 200

Distriktssenteret si rapportering på dei fastsette måla skal synleggjere måloppnåinga for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegerte til Distriktssenteret. Midlane skal nyttast på ein effektiv og forsvarleg måte.

Distriktssenteret skal ikkje forvalte verkemiddel i form av lån, tilskot e.l. Det er ikkje budsjettert med inntekter til senteret. Dersom senteret likevel har inntekter, får verksemda fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 554, post 1 Driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3554, post 1 Diverse inntekter, jf. Innst. 16 S (2011–2012) romartalsvedtak V.

3. Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa i 2012

Måla for distrikts- og regionalpolitikken i statsbudsjettet for 2012 tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere fri til å busetje seg der dei ynskjer, og vil utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 er ein ekstrainsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å medverke til å utløyse regionale potensial for verdiskaping.

Departementet ynskjer at Distriktssenteret, i samråd med fylkeskommunane, skal vurdere kva konkrete samarbeidsområde som skal prioriterast og kva tiltak som skal gjennomførast. Utgangspunktet for samarbeidet vil vere fylkeskommunale prioriteringar i planar og program, og strategiplanen til Distriktssenteret o.a.

4. Nærmare om måla og oppgåvene til Distriktssenteret

Distriktssenteret skal vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for eit heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområda. Distriktssenteret skal:

- hente inn og formidle kunnskap frå prosjekt for utvikling av attraktive lokalsamfunn
- inspirere lokale utviklingsaktørar gjennom å hente inn, samanstille og formidle erfarings- og forskingsbasert kunnskap
- vere etterspurt og nyttig for brukarane
- vere ein premissleverandør for utvikling av distrikts- og regionalpolitikken
- samarbeide med andre aktørar innanfor distrikts- og regionalutvikling

Målgrupper og samarbeid

Gjennom å samarbeide med kommunar, fylkeskommunar, Innovasjon Noreg, SIVA, andre regionale aktørar og eldsjeler skal Distriktssenteret ha rolla som heilskapleg nasjonal kunnskapsbase, og sikre overføring av kunnskap og erfaringar frå vellykka utviklingsarbeid på tvers av fylke og over tid.

Kvinner, unge og innvandrarar er viktige målgrupper i distrikts- og regionalpolitikken og i mange av satsingane som Distriktssenteret skal få fram læring om.

Distriktssenteret skal ha ei bestillarrolle og samarbeide med relevante FOU-miljø om å skaffe relevant dokumentasjon og ny kunnskap.

Nettstaden www.distriktssenteret.no

Nettstaden www.distriktssenteret.no er ein viktig kjerne i Distriktssenteret sin kommunikasjon. Nettstaden inneheld kunnskap knytt til lokalt

samfunnsutviklingsarbeid og skal gjere nyttig informasjon lett tilgjengeleg. Departementet legg til grunn at det blir arbeidd kontinuerleg for å gjere nettstaden aktuell, nyttig og tilgjengeleg for målgruppene til Distriktssenteret. Dette krev god kunnskap om behova til målgruppene og oversikt over kva andre aktørar tilbyr, og korleis tenestene til Distriktssenteret kan utfylle det.

Distriktssenteret skal offentleggjere sine eigne faglege vurderingar av lokalt utviklingsarbeid på nettstaden. Nettstaden skal både innehalde gode døme til etterfølging, og fortelje om arbeid som har vore mindre vellukka. Dette kan gjelde måloppnåing, forankring og organisering. Gjennom å formidle erfaringar skal Distriktssenteret arbeide for å kome i dialog med brukarane sine, og bidra med nyttig kunnskap.

Omdømmearbeid

I 2009 overtok Distriktssenteret oppgåver frå Kommunal- og regionaldepartementet innanfor området omdømmearbeid. Den vidare innsatsen byggjer på dei tidlegare erfaringane og etterspørselen frå kommunane. Etterspørselen etter å delta på omdømmeskulen var stor i 2011. Det er difor ynskjeleg at Distriktssenteret kan tilby omdømmeskule også i 2012.

Møteplassar

Distriktssenteret skal vidareføre det gode arbeidet som er gjort i tidlegare år for å medverke til nettverksbygging, erfaringsoverføring og synleggjering av innsats for utvikling av lokalsamfunn. Her skal Distriktssenteret både ta i bruk eksisterande møteplassar for kommunar og andre aktørar som er engasjerte i utvikling av lokalsamfunna, og skape nye møtestader. I 2011 spelte Distriktssenteret ei nøkkelrolle på fleire av dei mest sentrale møteplassane. Det er ynskjeleg at Distriktssenteret held fram denne innsatsen i 2012.

Innflyttarar

Distriktssenteret skal vidareføre samarbeidet med Kommunal- og regionaldepartementet, IMDI og Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet om å framskaffe, samanfatte og formidle ny kunnskap om inkludering av innflyttarar i distrikta. I denne samanhengen skal det særleg leggjast vekt på inkludering av utanlandske innflyttarar.

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Distriktssenteret er ein samarbeidspartnar i satsinga for å styrkje kommunane si rolle som samfunnsutviklarar. Dei fylkeskommunane som er med i satsinga, har hovudansvaret for å setje den i verk. Distriktssenteret skal vere ein støttespelar og ein ressurs for fylkeskommunane og kommunane, når satsinga skal konkretiserast og gjennomførast. Departementet, følgjeforskarar, fylkeskommunane og Distriktssenteret må i samarbeid definere behov og gode arbeidsmåtar i praksis. Arbeidsmåtene kan

varierte frå fylke til fylke. I Distriktssenteret si rolle som rettleiar ligg det også eit ansvar for å stø opp om formidling av kunnskap frå følgjeforskarane til dei prosjektansvarlege i fylkeskommunane, slik at det går føre seg god læring i heile prosjektperioden.

Bulyst

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer å involvere Distriktssenteret i arbeidet med Bulyst også i 2012, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Distriktssenteret skal presentere Bulystprosjekta på si heimeside og skal ha ei sentral rolle som rettleiar for Bulystprosjekta. Rettleiarrollen inneber at Distriktssenteret gir rettleiing basert på etterspurnad og på kapasitet i Distriktssenteret. Distriktssenteret følgjer nokre av bulyst- prosjekta ekstra tett. Dette gir Distriktssenteret god kunnskap om prosjektgjennomføringa og resultatane i desse prosjekta, og det gir tett tovegs dialog.

Arbeidet med ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken

Kommunal- og regionaldepartementet arbeidar med ny melding til Stortinget om distrikts- og regionalpolitikken. Distriktssenteret vil her spele ei viktig rolle som kunnskapsleverandør. Vidare ventar vi at Distriktssenteret deltek i diskusjonar, både om enkelttema og heilskapen i meldinga si omtale av lokal samfunnsutvikling, samt gode døme som kan illustrere politikkinnsatsen.

Lokale og regionale parkar

Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar er nytt frå 2012. Distriktssenteret vil bli involvert i arbeidet med denne satsinga. Dei vil mellom anna ha eit ansvar for å samle erfaringar og kunnskap frå parkprosjekta. Eventuelle andre oppgåver vil bli nærare presisert i eige brev våren 2012.

Statens pris for attraktiv stad

Distriktssenteret skal vere sekretariat for arbeidet med Statens pris for attraktiv stad. Dette inneber at Distriktssenteret skal vere sekretariat for den nedsette juryen som skal arbeide med prisen. Det er og sett av naudsynte midlar i budsjettet til Distriktssenteret i 2012 til å handtere dette arbeidet.

Saman om ein betre kommune

Fagleg hjelp og rådgjeving på omdømearbeid til kommunar som deltek i utviklingsprogrammet "Saman om ein betre kommune".

II. ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

5. FoU

Departementet har utarbeidd ein revidert FoU- strategi for åra 2011–2014. I strategien er arbeidsdelinga mellom departementet og underliggjande verksemder omtalt. Det er ynskjeleg å sjå utgreiingskapasitet og budsjett til kjøp av utgreiingar i departementet og i Distriktssenteret i samanheng. Departementet ynskjer eit tett samarbeid med

Distriktssenteret om utgreiingar Distriktssenteret gjer som er av interesse for departementet. Distriktssenteret skal jamleg registrere gjennomførte evalueringar på www.evalueringsportalen.no.

6. Kommunikasjon og informasjon

Alle verksemdar skal ha eit system for aktiv kommunikasjonsverksemd. Det gjeld intern kommunikasjon, ekstern kommunikasjon i høve til sine målgrupper og kommunikasjon i høve til departementet.

Kommunikasjonsarbeidet til Distriktssenteret skal støtte opp under strategiane til verksemda og vere baserte på gjeldande regelverk, som offentleglova, ny statleg kommunikasjonspolitikk og forvaltningslova. Departementet oppfordrar til å praktisere meiroffentlegheit. Det er viktig at Distriktssenteret er lydhøyr og fangar signal i samfunnet som rører ved Distriktssenteret si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid.

Distriktssenteret skal orientere departementet i god tid før senteret offentleggjer viktige utgreiingar eller rapportar som Distriktssenteret har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Distriktssenteret og departementet må følgjast. Dette gjeld særleg i saker som kan verte store, både gode og vanskelege eller kontroversielle mediasaker, eller som kan skape stor merksemd i offentlegheita. Distriktssenteret skal ha tilfredsstillande planer for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del. Departementet ventar at Distriktssenteret gjer resultatane som er oppnådde innanfor sitt politikkområde synlege, og at Distriktssenteret tar kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing kan vere ein del av synleggjeringa.

7. Informasjonstryggleik

Departementet er i gong med etablering av eit IKT- informasjonstryggleiksstyringssystem (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Det er starta utarbeiding av retningslinjer og malar for einskapleg identifikasjon, klassifisering og risikostyring av informasjonsaktiva. Departementet ynskjer å tilby desse styringsverktøya til underliggjande verksemdar når desse er ferdigstilt. Bruk av desse verktøya vil kunne bidra til at sektoren får ein meir einskapleg IKT- tryggleiksstyring.

- Etatane skal som system- og informasjonseigar ha et dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT- system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT- system / løysningar skal, før dei vert sett i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit.
- Det tilrås at sikkerheitsarbeidet følgjer anerkjente standardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truar eller kompromitterar IKT- tryggleiken skal rapporterast. Informasjonstryggleiksstyring vil bli eit tema i styringsdialogen.

8. Likestilling og mangfald

Likestillingslova si § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengelegheitslova § 3 og arbeidsmiljølova kap. 13 inneheld krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for likestilling og mangfald i verksemdene. Dette skal innarbeidast i den einskilde verksemda si årsmelding.

For meir detaljert informasjon om krava til likestilling og mangfald, jf vedlegg 1.

9. Etske retningslinjer

Vi viser til etiske retningslinjer for statsforvaltninga som er fastsett og sendt ut til alle statlege verksemdar saman med PM 16/2005. Det er leiinga i den enkelte verksemd som må følgje opp retningslinjene og ta initiativ for å fremje det etiske medvitte hos dei tilsette.

10. Miljøleing

Alle statlege verksemdar er pålagt å ha eit system for miljøleing. Departementet ber underliggende verksemd om å rapportere på status for innføring av miljøleing og rapporteringsverktøy. Departementet ber verksemda om å rapportere på dette i årsmeldinga. For meir informasjon, sjå www.difi.no/ledelse-og-kompetanseutvikling/miljoledelse.

11. Rapportering i samhøve med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova i offentleg teneste og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma. Departementet ber etaten om å rapportere på dette i årsmeldinga.

12. Statlege fellesføringar for 2012

Alle statlege verksemdar skal følgje opp fire fellesføringar for 2012. Fellesføringane omfattar følgjande områder:

- Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv
- Fleire lærlingar i statsforvaltninga
- Vidarebruk av offentlege data
- Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar

For meir utfyllande opplysingar, jf vedlegg 2 om dei statlege fellesføringane.

III. ØKONOMIFORVALTING OG STYRINGSDIALOG

13. Budsjettt og risikostyring

Budsjettet skal jamleg følgjast opp. Distriktssenteret gjorde ein ekstra innsats i 2011 for å planlegge innsatsen endå betre og styre den økonomiske verksemda tettare. Det gav

gode resultat og vi ynskjer difor framleis stor merksemd om økonomistyringa i 2012. Departementet ber om at Distriktssenteret rapporterer om økonomisk status i samband med styringsmøta. Sjå rapporteringskalenderen for fristar, vedlegg 3, for budsjettfullmakter sjå vedlegg 4 og for personalfullmakter vedlegg 5.

Departementet ber Distriktssenteret om å gjennomføre og arbeide aktivt med risikoanalysar som eit ledd i si interne styring. Distriktssenteret skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Eventuelle vurderingar som syner høg risiko for at mål ikkje kan nåast, skal ha med ein omtale av kva tiltak ein kan setje inn for å redusere risikoen. Endringane i risikovurderinga skal gå fram av rapporteringa knytt til styringsmøta og skal vere fast tema i styringsmøta. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal verksemda rapportere til departementet umiddelbart. Risikoanalysen skal i hovudsak relaterast til målstrukturen i verksemda, dvs dei arbeidsmåla som er fastsette i den strategiske plattformen. Risikovurderingsarbeidet skal integrerast i mål- og resultatstyringa.

Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggje på eller innehalde risikovurderingar.

Distriktssenteret skal sende departementet ein risikoanalyse innan 30. mars 2012.

Distriktssenteret skal ha planar for krisehandtering, også krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vere ein viktig del.

Distriktssenteret skal ha system og rutinar for internkontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at fastsette mål- og resultatkrav vert følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda vert driven i samsvar med god forvaltningsskikk, gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer. Det er viktig å førebygge moglege misleghald. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomiregelverket i staten.

Distriktssenteret skal følge lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Distriktssenteret skal informere departementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller tildelingsbrev når Distriktssenteret får kjennskap til slike avvik. Distriktssenteret skal fremje forslag til moglege korrigerande tiltak.

Distriktssenteret skal sende kopi til departementet av all korrespondanse verksemda har med Riksrevisjonen.

14. Styringsmøta

Styringsmøta skal handle om resultat- og måloppnåing. Vidare skal møta nyttast til å utveksle informasjon om aktuelle saker i Distriktssenteret. Rapportering og dokumentasjon til møta skal oversendast minimum to veker før møtetidspunktet.

Departementet kallar inn til møta, leier dei og er ansvarleg for dagsorden og referat. Departementet sender referata frå styringsmøta til Distriktssenteret med kopi til Riksrevisjonen.

15. Rapportering

Halvårsrapport 2012

Halvårsrapport skal oversendast departementet 13. august 2012 og skal innehalde desse punkta:

- satsingsområda og hovudmåla for 2012 med særleg vekt på
 - eventuelle avvik
 - graden av måloppnåing
- økonomisk status
- ei oversikt over utgreiingar som Distriktssenteret har ansvaret for, og der saker av politisk interesse er markerte
- oversikt over eventuelle planlagde vesentlege endringar


Årsrapport 2011

Distriktssenteret skal utarbeide årsrapport for 2011 innan 30. mars 2012. Departementet vil sørge for at rapporten blir sendt vidare til Riksrevisjonen.

I årsmeldinga skal Distriktssenteret presentere ei vurdering av året som har gått. Det skal og vere ei omtale og ei vurdering av måloppnåinga og dessutan ein omtale av HMS-arbeidet, sjukefråværet, likestillingsarbeidet, arbeidsmiljøet, samfunnstryggleik og beredskap. Departementet ber om at det blir rapportert om tiltak som er sette i verk eller som ein planlegg i samband med reduksjon av sjukefråværet og fremming av likestillinga. Alle statlege verksemdar skal i årsrapporten rapportere om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege.

Departementet ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid med Distriktssenteret i 2012.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

- 1. Likestilling og mangfold**
- 2. Statlige fellesføringer for 2012**
- 3. Rapportering og styringsdialog**
- 4. Budsjettfullmakter for KRDs underliggende virksomheter for 2012**
- 5. Personalfullmakter for KRDs underliggende virksomheter i 2012**

Kopi til:

Riksrevisjonen

